

Storavatnet i fare.

Underskrivne er ein av dei som bur nær Storavatnet og som bruker det dagleg. Eg badar ofte der, går tur langs vatnet kvar dag og gler meg over å sjå at stadig fleire, skuleklassar og andre, er utpå i kano eller kajakk. Nyleg har eldsjeler fått pengar til skjelsand som skal dekkja botnen på ei av badestrendene.

Så kjem Erko Settefisk med sine planar. I følgje selskapet skal dei ta ut så lite vatn at det knapt er merkande, - dessutan er friluftssinteressene ubetydelege. Logikken i dette får ein kvar døma om. I søknaden er vassuttaket monaleg større, og det har vekt oppsikt at det er slik skilnad mellom den vassmengda Erko-representanten seier dei skal ta ut, og den mengda selskapet søker om å få nytta. Den einaste forklaringa som er gjeven på dette, så langt eg kjenner til, er at det var meir "lettvint" å ikkje endra den tidlegare søknaden. Med andre ord var det for bale å redusera talet for vassuttak slik at mengda kom i samsvar med dei planane selskapet seier at det har, og slik at det ville vera lettare å få søknaden gjennom hos NVE.

Tru det den som vil. Eg trur det ikkje.

Det er eit velkjent knep av somme utbyggjarar å underdriva mengd og konsekvensar av planane, og slik roa ned opinionen, medan dei køyrer på for fullt når søknaden er godkjent.

I mitt hovud er slik praksis simpel løgn og frekt bedrag både mot folk flest og styresmakter.

Me må ikkje vera naive. Erko Settefisk er eit underbruk av Erko Seafood i Bergen, og på dei kantar har dei nok lite sut for friluftslivet og trivnaden til brukarane av Storavatnet.

Personleg har eg aldri hatt sansen for dei få som prøver å gjera seg rike på dei mange sin kostnad. Eg trur ikkje eg er åleine om det.

Sigmund Grønsdal.